

Kommunedirektørutvalget(KU)

Referat

Møtetidspunkt: Fredag 29. mai 2020
Møtested: Skype
Til stede: Ivar Bø, Elin Fjeldberg, Jan Egil Fossmo, Ola Helstad, Halvor Nissen, Frank Westad
I tillegg: Frode Damstuen, Synne Skogsrud Bjørgen (sak 13/2020)
Referent: Ola Helstad

Sak nr.	Tema/sak		
10/2020	Regionsjef orienterte frå AU-møte 28 mai 2020 Regionsjef orienterte, m.a. vart flg.ref.: • <i>Høyringssak domstolsstruktur</i> • <i>Høyring samarbeidsavtale for regionen – denne er sendt på høyring til kommunane, regionalt kommunedirektørutvalg og Innlandet Fylkeskommune.</i> • <i>Ref frå møte med SI og repr for regionen og vertskommunen for LMS. Det blir vist til oppfølgingsprosjekt for omlegging av DPS. Regionen er utfordra på å peike ut to repr. i prosjektet. Leiar i KU kontaktar leiar i 6 k helse for oppnemning av to repr. I tillegg skal vertskommunen for LMS ha med ein repr..</i>		
11/2020	Evalueringsav innkjøpssamarbeidet Forslag til årsmelding var sendt ut med møteinnkallinga. Leiar i KU orienterte innleiingsvis. Innkjøpsleiar orienterte og gjekk gjennom organiseringa og årsmeldinga slik den er foreslått. KU tok foreslått årsmelding og gjennomgang til orientering. Årsmelding blir sendt til alle kommuner. Leiar i KU varsla invitasjon av innkjøpsleiar til AU-møte for å orientere om innkjøpssamarbeidet. KU ber vertskommunen v/innkjøpsleiar om å legge til rette for nettbasert kompetansetiltak for deltakarkommunane. I dette bør rolle, oppgåve og ansvarsdeling mellom innkjøpskontoret og den enkelte kommune takast med.		
12/2020	Karriere Oppland Prosjektleiar og dagleg leiar for Karriere Oppland Ivar Vistekleiven innleia. (Karriere Innlandet frå 2021). Han viste til arbeidet med å legge til rette for desentralisert sjukepleiarstudium. Dette er planlagt å starte opp hausten 2021. Det blir vist til behov for praksisplasser i den enkelte kommune og at tilgang til dette er viktig overfor studentar (plassar knytt opp mot psykiatri vart nemnt særskilt). Det er nå høve til å kvotere andel studentar frå regionen til studiet (kvotering har heimel i sentral forskrift).		

	Frå AU den 28 mai der denne saka var drøfta var m.a. flg. nemnt: • <i>Regional plan for praksisplassar</i> • <i>Veilederkompetanse må utviklast og tilretteleggast</i> • <i>Geriatrí bør ha fokus</i> Konklusjon: Prosjektleiari blir invitert til 6 k helse for orientering og drøfting av vidare arbeid med å tilrettelegge for praksisplassar og veiledning.	
13/2020	Covid-19 – status og vidare arbeid. Leiar i KU gjekk gjennom status og førre behandling den 15 mai, og kva som har skjedd etter det. Det vart vist til orienteringar i AU og ynskje om felles saksframlegg frå dei. Leiar i 6 k helse orienterte om status og arbeidet dei har gjort sidan sist, og deltok ellers under behandling av saka. Grunnprinsippa er tydeleggjort i som er utarbeidd av 6 k helse. Hovudelementa i planen vart gjennomgått. Det vart særleg vist til tabell med oversikt over rekkefølge og prioritering av Covid 19-pasientar ut i frå kartlagt kapasitet. Det grunnleggjande og viktige er å unngå å få smitte inn på institusjonar. Det er semje om prinsippa i 6 k helse. Som døme vart nemnt at om det blir det smitte i ein sjukeheim så skal pasient isolerast og behandlast ved same sjukeheim. Pasientane som skal inn på LMS eller andre stader er dei som er heimebuande, og som ikkje er så sjuke at dei skal på sjukehus. Oversikt over kva kommunane sjølve har ansvaret for er vist til i planen. Felles disponering av helsepersonell er drøfta, men ikkje konkludert utover det som er vist til av gjeldande punkt i beredskapsplan. Leiar i 6 k helse viste til at foreslått plan er basert på den faglege tilrådinga frå 6 k helse. KU må ta standpunkt til økonomi og at dette må vurderast nærare. KU drøfta framlegget. Budsjett med bemanning for planlagt avdeling i Vågå/Lom er ikkje ferdigstilt. Økonomisk modell med fordeling av kostnader var tema. Det må arbeidast vidare med avklaring av prinsipp for dette - m.a. om det t.d. skal vera kurdøgnpris der betaling skjer frå pasientens heimkommune eller om det skal vera ein "solidarisk"modell med fordeling av utgifter etter nærare avklara modell jfr. modell presentert av vertskommunen for LMS i siste KU. KU tok opp spørsmålet om kven som skal ha vedtaksmynde om etablering av Covid 19-avd. etter foreslåtte modell. Det vart foreslått at KU burde ha dette vedtaksmynde. (6 k helse har så langt tenkt etablert medisinskfagleg nivå). Ivar kom med forslag i e-post (denne e-posten blir vidaresendt til 6 k helse for deira vidare vurdering). Det vart det tatt til orde for at det ikkje skulle koma kostnader til utover det som er gjeve tilsagn om av skjønnsmidler (kr 510.000). KU drøfta om sak til det respektive kommunestyre lot seg ferdigstille med nødvendige avklaringar før ferien. Dette er sjølvsaugt ynskjeleg, men det er stor usikkerheit om dette let seg gjera. Nytt og snarleg møte i KU må i så fall til - der avklaring av økonomisk fordelingsmodell blir tema i tillegg til forslag frå 6 k helse vedr dei pkt som blir vist til avslutningsvis i saka. I vidare planlegging skal etablering av plasser for Covid-19 så langt som råd finansierast av skjønnsmidler, og at dersom plassane blir aktivert skal personell fordelast mellom kommunane.	

Flg pkt vart notert for oppfølging av 6 k helse for oppdatering av tiltaksplan:

- *Vurdere og koma med forslag på kva organ som skal ha mynde til å opne avdeling for Covid-19 pasientar*
- *Nærare vurdering av pleiefaktor 1,6 på covid 19-avd. på LMS*
- *Ressursoversikt over helsepersonell og forslag til disponering av desse etter foreslått tiltaksplan*
- *Utarbeide forslag til felles saksframlegg*
- *Vurdere nødvendig responstid for opning av Covid 19-avdeling (frå pasientbehov blir meldt til avd. blir opna)?*